

Saksbehandlar: Eva Moberg  
Avdeling: Kulturavdelinga  
Sak nr.: 13/7616-2

---

## Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2014

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for kultur til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet for kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at Riksantikvaren vil delegere fleire oppgåver til fylkeskommunane, og er positive til slik overføring til det folkevalde fylkesnivået. Det må følgje naudsynte økonomiske ressursar med for å kunne ta imot arbeidskrevjande oppgåver på ein god måte.
2. Fylkeskommunen meiner at all delegering av oppgåver som krev betydeleg auka arbeidsinnsats, bør kanalisert inn i prosessen fram mot nytt statsbudsjett. Oppgåvene må der omtalast med innhald, omfang og økonomisk kompensasjon. Fylkeskommunen reknar heilt generelt med at staten vil kunne (del-)finansiere oppgåver som til no har vore utført på statlege side ved tilsvarende innsparingar på statleg side.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek elles brevet frå Riksantikvaren av 28.11.13 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2014 til vitande.

### Vedlegg:

Brev frå Riksantikvaren av 28.11.2013 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1.Bakgrunn

Vedlagde følgjer årleg forventningsbrev frå Riksantikvaren. I brevet gjer Riksantikvaren greie for nasjonale mål og prioriteringar for kulturminneforvaltninga slik desse er omtalt i statsbudsjettet for 2014. I tillegg gjer brevet greie forventningar til korleis fylkeskommunane gjennom sitt faglege kulturminnearbeid kan bidra til å nå dei nasjonale måla.

Fylkeskommunen har sidan 1990 hatt eit statleg delegert mynde i saker som gjeld automatisk freda kulturminne og freda bygg i privat eige. I 2013 vart dette ansvaret utvida til også å gjelde omgjevnadane til dei «listeførte» kyrkjene. I vedlagte brev varslar også Riksantikvaren at dei vil vurdere å delegere nye oppgåver til fylkeskommunane innan kyrkje, mellomalderarkeologi og fartøyvern. I tillegg vurderer dei å gje fylkeskommunane utvida dispensasjonsfullmakt innan arkeologifeltet. Formell delegering er varsla i eit eige brev. Slikt brev er enno ikkje motteke.

Arbeidsdelinga mellom Riksantikvaren og fylkeskommunane er heimla i «Forskrift om fagleg ansvar etter kulturminneloven» (FOR 1979-02-09 nr 8785).

Denne saka er dels ei orientering om Riksantikvaren sitt prioriteringsbrev for 2014, dels ei tilbakemelding til Riksantikvaren om fylkeskommunen sitt syn på varsla delegering av nye oppgåver.

## **2.Utfordringar og satsingar – tilbakemelding frå Riksantikvaren**

Som del av arbeidet med prioriteringsbrev for 2014 har Riksantikvaren bedt fylkeskommunen om faglege innspel på utfordringar og satsingar i Sogn og Fjordane. Riksantikvaren peikar på at det er ynskjeleg at den enkelte fylkeskommune finn si måte å bidra til å nå måla i dei nasjonale føringane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har spelt inn to satsingar:

- Satsinga på lokale kulturminneplaner
- Arbeidet med verdiskapingsprosjekt basert på kulturarven

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vist til følgjande særlege utfordringar:

- Stor auke i etterspurnad etter råd og rettleiing knytt til verneverdige bygningsmiljø og kulturminne frå nyare tid
- Stor saksmengde innafor arbeidet med arealplanar
- Manglande kapasitet til formidlingsoppgåver

Riksantikvaren si tilbakemelding er at ein er imponert over det gode arbeidet fylkeskommunen gjer med oppfølging av kunnskapsløftet. Satsinga på lokale kulturminneplanar er gjennomført med brei mobilisering og dei fleste kommunane i fylket har gjort forpliktande politiske vedtak om oppstart av arbeid med utarbeiding av lokal kulturminneplan.

Vidare viser dei til det gode arbeidet som er gjort gjennom fleire prosjekt knytt til kulturarv og verdiskaping og måten Sogn og Fjordane her søker å sjå kommunale kulturminneplaner og verdiskaping i samanheng.

Det trekkjer også fram at vår fylkeskommune har ferdigstilt fredingsgjennomgangen og alle varsla fredingssaker. Dette meiner dei er eit svært godt resultat og ei viktig prioritering.

I følgje Riksantikvaren er Sogn og Fjordane den fylkeskommunen som bruker minst midlar til kulturminneforvaltning. Ein viser her til tal frå Fylkeskostra. Riksantikvaren oppmodar oss difor om å styrke kapasiteten i kulturminneforvaltninga, slik at vi – på ein god måte – kan møte også nye arbeidsoppgåver.

## **3.Utfulle om moglege delegering av nye oppgåver**

Riksantikvaren ynskjer å delegerer fleire oppgåver til fylkeskommunane vinteren 2014. Ein ynskjer særlege å fase ut og overføre fleire 1.linjeoppgåver. Moglege oppgåver som kan delegerast er følgjande:

- 1.linje-oppgåver på mellomalderarkeologi (ny oppgåve)
- Utvida dispensasjonsfullmakt for arkeologi (forenkling)
- Omgjevnadane til automatisk freda kulturminne (mellomalderbygningar) (ny oppgåve)
- Eit større tal listeførte kyrkjer (ny oppgåve)
- Forvaltning av farty som er listeført og freda (ny oppgåve)

Fylkesrådmannen oppfatar dei nemnde oppgåvene i Riksantikvaren sitt brev til å ha følgjande innhald:

- 1.linjeoppgåver på mellomalderarkeologi omfattar m.a. sakshandsaming knytt til mellomalderkyrkjegardane. Dette er ei ny oppgåve som vil gi meirarbeid for fylkeskommunen på høyinguttaler etter plan og bygningslova og dispensasjonssaker etter kulturminnelova, og vere ei forenkling for kommunane.
- Utvida dispensasjonsfullmakt for arkeologi vil føre til meirarbeid for fylkeskommunen alt etter kva omfang dette vil få. Dagens prøveprosjekt med dispensasjonsfullmakt for frigjeving av eit avgrensa tal vanleg førekommande automatisk freda kulturminne (som kolgroper, kokegroper og dyrkingslag) vert løysast med tilgjengelege ressursar.
- Når det gjeld omgjevnadane til mellomalderbygningar, vil dette føre til meirarbeid på uttaler både til kommuneplanar og reguleringsplanar. Denne type saker er ofte tidkrevjande i form av synfaringar og møte knytt til detaljutforming av utbyggingstiltak. Vi har eit tjuetals profane (ikkje kyrkjelege) mellomalderbygningar i fylket.
- Dersom Riksantikvaren ynskjer at fylkeskommunen skal overta forvaltningsansvaret knytt til dei listeførte kyrkjene, vil dette omfatte interiøret i kyrkjene og tiltak knytt til universell utforming. Dette er ei heilt ny type oppgåve, der fylkeskommunen ikkje har naudsynt arkitektfagleg kompetanse. Vi har 56 listeførte kyrkjer i fylket.
- For fartøy som er listeført og freda er det to større oppgåver som ligg til kulturminneforvaltninga; tilskotshandsaming og fartøyteknisk rådgjeving. For sistenemnde manglar fylkeskommunen den naudsynte fagkompetansen. Vi har 9 listeførte fartøy i fylket.

#### **4. Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Når det gjeld tal henta frå Fylkeskostra, vil fylkesrådmannen presisere at føringa av løns- og administrasjonskostnadane for kulturminneforvaltninga er retta opp frå og med rekneskapsåret 2013. Tala vil etter dette gi eit betre grunnlag for korrekte nasjonale samanlikningar.

Riksantikvaren har eit breitt engasjement innan kulturminneforvaltninga, og forventar samarbeid med og bidrag frå fylkeskommunane på mange felt. Dette er positivt og arbeidskrevjande, dels også styrande for fylkeskommunen sin aktivitet og prioriteringar. Det positive er at vi kan får gjort fleire oppgåver som kjem kommunane og private til gode. På andre sida vert det mindre rom for å utvikle fylkeskommunalt prioriterte oppgåver, t.d. knytt til nyare tids kulturminne. Fylkesrådmannen viser elles til budsjett 2014/økonomiplan 2012-15 der fylkeskommunen sine viktigaste satsingar innan kulturminnefeltet for inneverande år/planperiode er skildra.

##### *Forenkling og meirarbeid – nye oppgåver*

Fylkesrådmannen er positiv til at fleire oppgåver vert lagt til fylkeskommunen. På andre sida kjenner ikkje fylkesrådmannen til detaljane i omfanget av dei oppgåvene som er tenkt delegert utover opplistinga gitt i prioriteringsbrevet. Det gjer det også vanskeleg å ha noko klar oppfatning av kor mykje meirarbeid dette medfører. Samstundes er det rett å peike på at delegering av fleire av desse oppgåvene vil føre til ei forenkling for t.d. kommunane i deira planarbeid då dei med desse endringane vil ha berre ein instans å forhalde seg til.

I 2013 vart ansvaret for omgjevnadane til kyrkjene i plansaker delegert. Delegering av nye enkeltoppgåver kvart år gjer det vanskeleg for fylkeskommunen å rigge organisasjonen for å møte dei nye oppgåvene.

### *Kapasitet og kompetanse – nye oppgåver*

Fylkesrådmannen meiner det er positivt at ein legg opp til å forenkle og effektivisere forvaltningsansvaret på kulturminnefeltet. Føresetnaden for at dette kan skje, vil likevel vere avhengig av at fylkeskommunen har kapasitet til å følgje opp sakene, og at den naudsynte fagkompetansen er på plass. Sjølv om vi pr. i dag ikkje kjenner omfanget av dei nye oppgåvene som Riksantikvaren varslar delegering av, har fylkeskommunen i dag ikkje kapasitet til å ta inn nye oppgåver utan at andre oppgåver vert fasa ut. Fylkesrådmannen merkar seg at Riksantikvaren ikkje nemner oppgåver som kan takast bort eller prioriterast ned innan feltet. Dette legg enno større ansvar på fylkeskommunen til å prioritere kva oppgåver ein skal løyse dersom det ikkje kjem ressursar med nye oppgåver.

Med ein i utgangspunktet krevjande bemanningssituasjonen, og dei innsparingskrav som fylkestinget har vedteke, ser fylkesrådmannen ikkje at fylkeskommunen kan ta på seg fleire oppgåver, utan at det følgjer nye ressursar med delegeringa. Fylkesrådmannen meiner at det med nye statlege oppgåver må følgje ressursar til å løyse desse oppgåvene.

### *Statsbudsjett og økonomisk kompensasjon*

Fylkesrådmannen sitt syn er at innhaldet i den samla overføringa av oppgåver frå staten bør klårgjerast. Dette bør koplant til prosessen med statsbudsjettet (2015) og synleggjerast der; kva oppgåver det er snakk om, kva omfang desse oppgåvene vil ha og kva kompensasjon staten legg opp til. Det må uansett ligge forventningar om økonomisk kompensasjon for meirarbeid knytt til nye oppgåver. Det er rimeleg at staten samtidig klårgjer kva innsparingar ein vil iverksetje på eiga hand.

## **5. Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår til at brev av 28.11.13 frå Riksantikvaren vert teke til vitande. Fylkesrådmannen er positiv til at nye oppgåver vert lagt til fylkeskommunen, og ventar at det også følgjer økonomiske ressursar med for å løyse oppgåvene. Jf. elles tilråding til vedtak.